



Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
077/21	Formannskapet	06.09.2021

## Forskrift om godtgjersle til folkevalde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet vedtar å leggja framlagde forslag til forskrift om godtgjersle til folkevalde ut til offentleg høyring.
2. Alle parti som stilte lister til kommunestyrevalet 2019 skal bli spesielt inviterte til å gi høyringsinnspel.
3. Høyringsfrist blir sett til tre veker frå publiseringsdato.

Formannskapet 06.09.2021:

Behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som tilrådd av rådmannen.

FOR- 077/21 Vedtak:

1. Formannskapet vedtar å leggja framlagde forslag til forskrift om godtgjersle til folkevalde ut til offentleg høyring.
2. Alle parti som stilte lister til kommunestyrevalet 2019 skal bli spesielt inviterte til å gi høyringsinnspel.
3. Høyringsfrist blir sett til tre veker frå publiseringsdato.

# Saksutgreiing

## Samandrag

Reglar om godtgjersle til folkevalde m.m. må etter ny kommunelov bli gitt i form av forskrift. Rådmannen sitt framlegg til forskrift baserer seg på gjeldande, lokale regelverk.

## Bakgrunn for saka

Den nye kommuneloven slår fast at kommunestyret skal vedta forskrift om folkevalde sin rett til dekning av utgifter og økonomisk tap, jf. § 8-3; arbeidsgodtgjering, jf. § 8-4; ettergodtgjersle, jf. § 8-6 og permisjonar, jf. § 8-10.

Denne mynda låg òg til kommunestyret etter tidlegare kommunelov, men det nye er at det no er plikt til å regulera dette i form av ei formell forskrift.

## Saks- og faktaopplysningar

Sveio kommune har pr. i dag eit reglement for godtgjersle til folkevalde som tar utgangspunkt i godtgjersla til ordførar, med visse prosentsatsar for ulike typar verv. Ordføraren si årlege godtgjersle tar igjen utgangspunkt i stortingsrepresentantane si godtgjersle, og utgjør 90 % av ei slik godtgjersle, jf. budsjettvedtaket for 2021 i sak KOM-127/20. Mønsteret og satsane baserer seg på vedtak av 3. desember 2007 i sak KOM-078/07. Reglementet regulerer i tillegg bl.a. dekning av økonomiske tap i samband med politiske verv, samt ettergodtgjersle til ordførar og varaordførar, og pensjon, sjukdom og yrkesskade for ordførar.

Etter ny kommunelov er det ikkje lenger tilstrekkeleg med eit slikt internt reglement, reglar om godtgjersle m.m. skal fastsettast i formell forskrift, etter dei reglar som gjeld for saksbehandling og utforming av forskrift, bl.a. etter forvaltningsloven.

Rådmannen sitt framlegg til forskrift er bygd opp etter same mønster som gjeldande reglement.

Nogjeldande oversikt over prosentsatsar og kronebeløp ligg ved saka.

## Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Forskrifter skal førehandsvarslast, jf. forvaltningsloven § 37, altså høyrast. Rådmannen tilrår at formannskapet legg framlagde forslag til vedtak ut til offentlig høyring, med tre vekers høyringsfrist.

Alle parti som stilte lister til kommunestyrevalet 2019 bør oppmodast om å gi høyringsinnspel.

## Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



## Økonomiske konsekvensar

Rådmannen sitt framlegg er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande reglement, slik at utgiftsnivået ikkje vil endrast i nemneverdig grad. Viser likevel til kva som blir sagt om årleg godtgjersle for hovudutval under «Vurdering».

Vidare har godtgjersla til ungdomsrådsrepresentantar som møter i formannskapet og hovudutvala vore sett til ein fast sum (kr 300,-), men dette er no foreslått endra til ein prosentsats på lik linje med andre godtgjersler, for å sikra ei utvikling over tid. Dette vil medføra ei marginal auke i utgifter.

## Beredskap

Ikkje relevant.

## Vurdering

Framlegger til forskrift dekker dei same tema som noverande reglement for godtgjersle. Sjølve oppbygginga av forskrifta baserer seg på ein mal utforma av Kommunal- og moderniseringsdepartementet til dette føremålet.

Rådmannen vil gjera merksam på at Sveio kommune er i ein situasjon kor det er nødvendig å auka det økonomiske handlingsrommet. Om det på budsjettområdet for politisk skal settast i verk tiltak for å inkludera prosessen, kan talet på møte eller representantar i utval vera moment ein kan sjå nærmare på. Slike alternativ må eventuelt ugreiast i eigne saker.

### *Endring av godtgjerslestruktur for hovudutval og kommunestyret*

Etter noverande reglement får medlemmer i «ad hoc-utval» same godtgjersle pr. møte som f.eks. i kommunestyremøte og hovudutvalsmøte. Eit eksempel på eit ad hoc-utval etter gjeldande reglement kan vera klimapanelet.

Eit anna eksempel som jo pr. definisjon er ei handling gjort ad hoc (til eit særskild føremål / i eit særskild høve) er når eksisterande utval (typisk formannskapet eller eit hovudutval) får rolla som f.eks. styringsgruppe, referansegruppe eller arbeidsgruppe for ei konkret sak, f.eks. i samband med planarbeid. I slike tilfelle blir det gjerne arrangert ekstra møte i tillegg til dei som følger av den kommunestyrevedtatte møteplanen, og i visse tilfelle er det utvalsleiar sjølv som tar initiativ til møte, i motsetnad til når innkalling skjer etter tilråding frå administrasjonen.

Rådmannen erfarer at det kan vera behov for å gjera nokon avklaringar når det gjeld retten til godtgjersle for møter utover vedtatt møteplan, spesielt med tanke på dei situasjonar kor eksisterande utval får ei mellombels rolle knytt opp mot ei sak.

Rådmannen legg derfor fram forslag om ein ny godtgjerslestruktur for hovudutvala, sjå § 4, første avsnitt, bokstav c og d i framlegget til forskrift. Både av økonomiske omsyn, men i hovudsak for å sikra føreseielegheit for dei folkevalde når det kjem til kor mange møte det er forventa at dei skal delta på, foreslår rådmannen at deltaking i hovudutvala skal godtgjerast med ein fast sum årleg, i staden for godtgjersle pr. møte. (Slik som formannskapsmedlemmene får si godtgjersle i dag.)

Hovudutval for teknisk og næring har i gjennomsnitt fleire møte enn hovudutvala for høvesvis helse/omsorg og oppvekst/kultur, og framlegget til forskrift gir derfor ei noko høgare godtgjersle for medlemmene i førstnemnde. For varamedlemmer fortset ein med godtgjersle pr. møte.

Fast, årleg, godtgjersle for hovudutvala vil òg vera eit effektivitetstiltak for administrasjonen, då tidsbruken til dokumentering av oppmøte og godtgjersle, vil bli redusert. Rådmannen vurderer det derfor som føremålstenleg at òg godtgjersle for dei faste medlemmene i kommunestyret kan endrast frå godtgjersle pr. møte til ei fast, årleg godtgjersle. Summen som kjem fram av framlegget

til forskrift svarar til noverande møtesats gonger seks (som er standard antal møte i kommunestyret pr. år).

## Rådmannen sin konklusjon

Framlegg til forskrift dekker lovkrava for forskrifter og formålet etter kommuneloven.

## Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018 nr. 83 (kommuneloven)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 (forvaltningsloven)

Vedlegg:

Forskrift om godtgjersle til folkevalde, Sveio kommune, Vestland

Godtgjersle til folkevalde 2021